



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
05.10.2015

DYKKAR DATO
22.09.2015

VÅR SAKSHANDSAMAR
Edvard Klette tlf 958 14 771

07-October-2015

VÅR REFERANSE
2015/44219 298657/2015

DYKKAR REFERANSE
Siv.ing Tore Nygård AS

Norgesbolig AS
Gangstøvegen 51
5911 ALVERSUND

VEDTAK OM SAMTYKKE TIL OMSØKTE PLANAR PÅ VILKÅR OG VEDTAK OM GEBYR, JF. ARBEIDSMILJØLOVA § 18-9 (1)

**Vi viser til søknad frå Siv.ing. Tore Nygård AS datert 22.09.15 om samtykke til planar for oppføring av mindre kontor- og lagerbygg i Radøyvegen i Olsvollstranda industriområde i Radøy kommune, gnr. 74, bnr. 55.
Jf. arbeidsmiljølova § 18-9 (1).**

Bygget skal gje plass til kontor- og personalrom i tillegg til å gje plass til lager og plass til vedlikehald av utstyr.

I søknaden vert det opplyst at verksemda har 2 tilsette.

Følgjande dokument er motteke:

- Søknad om samtykke med opplysningsskjema, ymse anna informasjon og dokumentasjon, situasjonsplan, fasade-, snitt- og planteikningar.

Vi beheld dokumenta.

Arbeidstilsynet si vurdering

Ikkje alle lovpålagde tiltak vert gjort greie for i søknadsdokumenta difor vert det knytt vilkår til samtykket.

- det er ikkje gjort greie for ventilasjonsanlegg i søknadsdokumenta.
- vi har og merka oss at personalgarderoben er ein kombinasjon garderobe, vaskerom med handvask og dusj, og toalett.
- det er ikkje lagd til rette med rom for reinhaldsutstyr/bøttekott.

Personalgarderobe kan kombinerast med vaskerom/handvask med varmt og kaldt vatn og dusj. Personaltoalett skal ikkje kombinerast med personalgarderobe og vaskerom, men skal vera i eige avlukke eller eventuelt i eige toalettrom.

Arbeidslokala med alle personalroma skal vera lagd til rette med tilkomst for yrkeshemma arbeidstakarar.

Vedtak om samtykke på vilkår

Med bakgrunn i opplysningar i søknaden og med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 (1) gjev vi samtykke til planane på følgjande vilkår, jf. arbeidsmiljølova § 18-6, sjette ledd.



1.

Arbeidstilsynet krev ventilasjon i dei nye arbeidslokala. Det må difor lagast ventilasjonsplanar. For å etterkoma funksjonskrava gjevne i høve til arbeidsmiljølova § 4-4 (1) vil det normalt vera naudsynt med balansert mekanisk ventilasjon.

Planane for ventilasjon med teikningar og dokumentasjon etter sjekklister i tinging nr. 444 «Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen» skal sendast til Arbeidstilsynet snarast mogleg og i god tid før arbeidet tek til.

Jf. arbeidsmiljølova §§ 4-4 (1) og 18-9.

2.

Det skal leggjast til rette med toalett for yrkeshemma arbeidstakarar/hcwc med både høgre og venstresidig tilkomst i høve til forskrift.

Jf. arbeidsmiljølova § 4-1 (5) og § 2-4 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

Sjå i tillegg Byggforskserien blad nr. 379.201 «Toaletter» og TEK 10, plan og bygningslova § 12-1.

3.

I tillegg til hcwc skal alle arbeidslokala med personalrom leggjast til rette for yrkeshemma arbeidstakarar.

Jf. arbeidsmiljølova § 4-1 (5) og § 2-4 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

4.

De skal leggjast til rette rom for reinhaldsreiskap ("bøttekott").

Romet skal vera dimensjonert og ha utstyr i samsvar med den planlagde reinhaldsmetoden.

Reiskapsromet skal normalt ha utslagsvask med kaldt og varmt vatn og vera utforma og montert slik at tøming og fylling av til dømes bøtter kan skje utan uheldig belastning for den som har reinhaldet. Jf. arbeidsmiljølova § 4-4 (1) og (2) og § 3-8 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

5.

Køyreport skal sikrast mot fall og klemming. Motoriserte portar skal ha "daudmannskøyring", kontaktlist eller annan likeverdig sikring.

Klemkrafta skal ikkje overstige 150 N.

Jf. arbeidsmiljølova § 4-4 (1) og (3)

6.

Det skal alltid vera mogleg å opna mekanisk styrte portar og dørar manuelt.

Jf. §§ 2-9 og 2-21 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

Utgangspunktet for Arbeidstilsynet si vurdering er bygget/tiltaket si planløyising slik det er søkt om.



Samtykke vert gjeve på bakgrunn av opplysningar og planar som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykke er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen.

At vi gjev samtykke til planane betyr ikkje at Arbeidstilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er teke i vare. Det er tiltakshavar/arbeidsgjevar som har ansvaret for at lov og forskrift vert halde og at arbeidsmiljøet i arbeidslokala til ei kvar tid er tilfredsstillande. Jf. § 1-3 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

Vedtak om innbetaling av gebyr

I fylgje forskrift til arbeidsmiljølova om gebyr for byggesaksbehandling, jf. § 9-1 i tinging nr. 702 «Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler» og § 14-1 i tinging nr. 706 «Forskrift om administrative ordningar på arbeidsmiljølovens område» skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd.

Kor store gebyrsatsane vert, kjem an på kva type tiltak og storleiken på tiltaket.

For nærare informasjon om gebyrordninga sjå www.arbeidstilsynet.no/gebyr.

Med bakgrunn i opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori **3b** og sett gebyret til kr. 7.500,-.

Gebyret for saksbehandlinga skal betalast av tiltakshavar. Faktura vert sendt i eiga sending. Dersom gebyret ikkje vert betalt av tiltakshavar innan betalingsfristen, vil vi tvangsinndrive gebyret med tillegg av kostnader.

Vi ber om at det vert vist til vår referanse 2015/44219 ved seinare kontakt eller korrespondanse i denne saka.

For ordens skuld vil vi opplysa om at kommunen ikkje har høve til å gje løyve til igangsetjing av tiltaket før Arbeidstilsynet har gjeve samtykke til planane, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Høve til å klaga

Partane kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå dette brevet er motteke, jf. § 29. For nærare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å få sjå saksdokumenta, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

For meir informasjon

De kan finne meir opplysningar om arbeidsmiljø og aktuelle reglar på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no eller vi kan kontaktast på telefon 815 48 222.



001000477397



VÅR DATO
05.10.2015

VÅR REFERANSE
2015/44219 298657/2015

4

For Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B. Lægland
tilsynsleiar
(sign.)

Edvard Klette
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjend elektronisk i Arbeidstilsynet og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ansvarleg søkjar, Siv.ing. Tore Nygård AS
Representant for tilsette, Norgesbolig AS
Radøy kommune, Plan, bustad og
eigedom/byggesak

Litleåsveien 49 5132 NYBORG
Gangstøvegen 51 5911 ALVERSUND
Krossvegen 8 5936 MANGER

Returadresse
Arbeidstilsynet, Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim

477

Radøy kommune, Plan, bustad og eigedom/byggesak
Krossvegen 8
5936 MANGER



000000477376

1474817 - 1 - 3 (2275/1)